



Foto: Henrik Mundal Andreassen

17. mai 2026

PROGRAM FOR:

Leirvik, Hystad, Rommetveit, Langeland,
Litlabø, Sagvåg, Tjødnalio og Huglo.

TILSKIPAR:



STORD MUSIKKLAG

Stord musikklag helsar

Grunnlovsdagen betyr mykje for oss alle, Noregs nasjonaldag. Dagen i 1814, då Norges Grunnlov vart undertekna av presidentskapet i Riksforsamlinga på Eidsvold, gjev oss identitet og fellesskap.

Og 17. mai hadde ikkje vore den same festdagen utan korps som skapar musikk og feststemning i gatene. Og korpsa strekker seg langt for å spele ved ulike markeringer og tilstellingar kringom på øya vår. Me sender

ei ekstra helsing til Stord/Rommetveit skulekorps som denne dagen spelar i 3 ulike barnetog i tillegg til Borgartøget! Det står det respekt av – og mange er særst takksame for denne innsatsen. Korps har i alle tider vore nytta ved ulike markeringar og høgtider, ikkje berre på 17. mai, men gjennom heile året – og slik skal det fortsetta. Me er eit musikalsk evigheitsprosjekt som svingar i styrke, balanse og tempo. Nokre korps slit med rekruttering og oppslutnad medan andre lukkast. Felles for oss alle er at dette er vårt fellesskap, der me får utøva vår hobby innan musikk og samspel. Der skapar og foredlar me musikalske dugleikar og forståing, lærer samspel og samarbeid. Det å få stå på ei scene og prestera saman, vera med å konkurrere og driva meiningsfylt organisasjonsarbeid, gjev oss høve til å vera bra medmenneske. Til liks med alle andre som er aktive i lokalt frivillig kultur og organisasjonsarbeid.

Alle oss i Stord musikklag er stolt på 17. mai. Då får me verkeleg gjort ein innsats for at dagen blir den festdagen både unge og eldre set så stor pris på. Når me til slutt legg instrumenta i kassane – og etter ein del tusen steg, er me godt slitne. Men alle smila og heiaropa me opplev, frå starten i Kaisvingen tidleg om morgonen – til innmarsjen i Parken etter Borgartøget, er meir enn nok løn for strevet!



Til lukke med dagen, alle saman!

Beste helsing Stord musikklag.

HARDNOR

Meatjønnsvegen 25, 5412 Stord

Gratulerer med dagen!

Kjære alle saman,

Gratulerer med 17. mai!

I dag samlast me for å feire det som kanskje betyr mest for oss som nasjon: fridomen vår, fellesskapet vårt og demokratiet vårt.

17. mai er først og fremst ein festdag. Ein dag for flagg, barnetog, korpsmusikk og is. Ein dag der smila sit laust og stoltheita over landet vårt er lett å kjenne på. Når me ser barna gå i tog, med flagg i handa og forventning i blikket, så ser me også framtida.

Men denne dagen er meir enn det.

I ei tid der me ser uro og konflikhtar fleire stader i verda, blir det ekstra tydeleg kor verdifullt det me har faktisk er. Demokrati, yringsfridom og retten til å meine er ikkje sjølvstyk for alle. Me har ord på dette òg, midt i det me syng i dag:

*«...og den saganatt som senker
drømmer på vår jord.»*

Det handlar om kvar me kjem frå, men også om kva me gir vidare.

Difor er 17. mai også ein dag for ettertanke.

Me må ta vare på det samfunnet me har bygd opp, ikkje berre gjennom ord, men gjennom handling. Ved å bry oss om kvarandre. Ved å delta. Ved å stå opp for det me meiner er rett. Demokratiet vårt lever av at folk engasjerer seg.

Eg vil også rette ein stor takk til alle som gjer denne dagen mogleg. Frivillige, skular, lag og organisasjonar skapar ramma rundt ei feiring som betyr mykje for både små og store. Så i dag håpar eg me tek oss tid til begge delar. Å feire og å setje pris på det me har. Lat oss stå saman, vere stolte av landet vårt og ta vare på det som er bygd opp gjennom generasjonar.

Gratulerer så mykje med dagen!

*Med venleg helsing
Sigbjørn Framnes
Ordførar*




Herlege Stordøy

Herlege Stordøy, herlege Stordøy!
Fager og fin millom fjordane blå
Stig du or havet – bjart som ei solmøy,
toppar og tindar mot skyene nå.
Skogen han susar songen so lint:
«Å, her er utifrå fagert og fint».

Bygdi seg breider ven i frå sjøen,
speglar seg av i det djupaste blå.
Gardane logne ligg upp på bøen,
sjølve so kan dei i djupni seg sjå.
Kjærlege heimar – ljøs yver liv,
soli ho lyser og skuggane driv.

Herlege Stordøy, segnrrike strender,
minne frå Håkon den Gode si tid.
Inn i vår soga hev dine grender,
skrive sitt namn i ein ærefull strid.
Ransmann laut røma, Skrøya du batt,
fridom du elska og fri stod du att.





Fylkesnes Bil

/// ENKELT OG KOMPLETT ///

ecit



**Gratulera
med dagen!**

LEIRVIK®



T R A V E L

SETTING NEW **G**OALS

G Travel Stord & Bømlo

**Reisebyrået Stord Eyvind Nitter AS – ditt lokale
reisebyrå**

**Forretningsreiser – grupper – feriereiser –
skreddersydde reiser**



TANNLEGANE I SÆ

Emmerhoff • Brandt • Johannesen

53 41 32 92

53 41 12 70

53 41 26 20

Sæ 20, 5417 Stord

Talarar - 17. mai 2026



Kjellbjørg Lunde er fødd og oppvaksen i Naustdal i Sunnfjord. Ho tok lærarutdanning på Stord og vidareutdanning innan spesialpedagogikk. Ho arbeidde som lærar i Stord fram til ho vart vald inn på Stortinget for SV i 1981. Lunde var medlem i kommunestyret i Stord frå 1975 og var med og starta Stord Kvinnelag same året. Ho var stortingsrepresentant for Hordaland for SV frå 1981 til 1997 og utdanningsdirektør i Hordaland frå 1998 til 2013. Ho er framleis politisk aktiv og interesserer seg for samfunnsspørsmål, kultur, litteratur, matlaging og friluftsliv. Kjellbjørg Lunde talar ved kyrkja.


Ulvar Akselsen er fødd i Haugesund og oppvaksen på Leirvik. Han er student og arbeider om somrane som ferieszef for ferieopphald for psykisk utviklingshemma på Bømlo folkehøgskule. Han har òg erfaring frå arbeid med psykisk utviklingshemma og som handballtrenar for barne- og ungdomslag. Akselsen er kommunestyrerepresentant i Stord kommune og 1. vararepresentant til Stortinget for Arbeidarpartiet i Hordaland. På fritida er han oppteken av idrett og litteratur. **Ulvar Akselsen held tale i Parken.**



Ola Dahl Andersen er fødd og oppvaksen på Leirvik. Han er dagleg leiar i Ytre Sunnhordland opplæringskontor, der han arbeider med oppfølging av lærlingar og lærebedrifter. Andersen er utdanna kokk og var tidlegare dagleg leiar ved Fengelet mat- og vinkjellar på Leirvik. Han har òg vore styremedlem i Stord Næringsråd. Han er aktiv i Odd Fellow og Redningsselskapet, der han er frivillig båtførar på redningsskøyta i Leirvik. Ola Dahl Andersen held tale og legg ned krans ved Hauglandsstøtta.



17. mai program for Stord kommune 2026



FELLESARRANGEMENT LEIRVIK

- 08.00 Salutt.
Flaggheising ved støtta av Bård Haugland. Stord musikklag, Leirvik Mannskor og Speidarane deltek. Tale og nedlegging av krans ved støtta til Bård Haugland og minnesmerket for Austri ved Ola Dahl Andersen. Morgontoget går gjennom Leirvik til Døso. Stord Musikklag, Leirvik Mannskor og Leirvik Speidargruppe går vidare til sjukehuset der SM og LM spelar og syng
- 10.45 Tale og nedlegging av krans til minne om dei falne ved Stord Kyrkje ved Kjellbjørg Lunde
- 11.00 Gudsteneste - Stord Kyrkje
- 15.00 Borgartoget stiller på Torget. Kwart lag stiller under sine faner/merker. Sjå oppstilling og kart bak i programmet.
- 15.30 Toget startar (sjå rute bak i programmet) NB! Ingen køyretøy opp i Parken.
- 16.00 Folkemøte i Parken. Ulvar Akselsen held tale for dagen. Stord Musikklag spelar og Leirvik Mannskor syng. Talen i Parken vert avslutta med Ja vi elsker.

LEIRVIK SKULE

- 10.00 Elevane møter på skuleplassen
- 10.15 Opning av dagen ved 7. trinn
- 10.40 Barnetoget går frå skuleplassen
Rute: Vikabrekko – Osen – Nattrutekaien – Kaisvingen – Borggata – Torget – Sæ – Vikabrekko – skuleplassen.
- 11:30 Kafèen på skulen opnar
- 11.45 Framsyningar av elevar ved skulen

Etter framsyningane vert det leikar for store og små. Sal av is, pølser, brus, kaffi og kaker.

Kl. 14.00 Arrangementet er slutt.

HYSTAD SKULE

- 08.00 Flaggheising
- 08.50 Elevane møter på skulen og stiller opp på idrettsbanen. Appell v/elevar i 7. klasse. Stord-Rommetveit samarbeidskorps spelar
- 09.30 Avgang med marsj ned til Stord Sjukehus, forbi legevakta og opp igjen Tysevegen og Håvåsen til Hystad skule.

- 10.00 Kafé i gymnastikksalen og pølsesal ute. Musikk ved Stord skulekorps. Kafé i Hystadhuset og sal av is ute ved 17. mai-komiteen.
- 10.30 Leikar for born på idrettsbanen. Vinnarane av det beste innslaget i 17. maitoget vert kunngjort klokka 11.30.
- 12.00 Arrangementet sluttar

HUGLO

- 10.30 Flaggheising
Ord for dagen
Gudsteneste
Tog
Mat i bygdehuset
Leikar for små og store

LANGELAND SKULE

- 08:00 Flaggheising
- 09:30 Frammøte ved skulen. Elevane stiller opp.
Me syng nasjonalsongen.
Appell for dagen ved elevar frå 7.-trinn.
- 09:45 Toget går.
Ruta i år går frå skulen via Langelandsvegen, ned Kåreviksvegen, inn Langelandsåsen, ned Friarkvilet, ut på Hornelandsvegen, ned til Kåreviksvegen, via gangstien til Langelandsvegen, og attende til skulen.
Kiosksal opnar etter at toget er gått.
Attende på skulen:
Me syng «Gud signe vårt dyre fedreland» og «Herlege Stordøy».
Konsert ved Langeland skulekorps.
Blomeoverrekking.
Me syng «Noreg i rødt, kvitt og blått»
Leikar på skuleområdet.
- 13:00 Program ved skulen slutt.
Neste års 1. trinn inviterast med i toget under eiga fane (bak vaksenkorpsset).
Me oppmodar om å ikkje parkera bilane langs vegen der toget skal gå.
Parkeringsplassane ved skulen er sett av til rørslehemma.
Me ber dykk parkera på Heiane eller Vabakkjen.
Betaling med vipps eller kontant.
- 17:00 17.mai-fest i Horneland bedehus.

ROMMETVEIT SKULE

- 08.00 Flaggheising på Rommetveit skule
- 11.00 17. mai-samling i Aulaen
Alle syng "Ja vi elsker" og "No livnar det i lundar"
Tale ved Johanne Øvstebø Tvedten
Fredsdikt av elevar frå 5. trinn
Nordbygdo 17. maikor og 5. trinn syng «Gud signe Norigs land» og «Herlege Stordøy».
- 11.45 Barnetoget stiller opp i Borggarden
Nordbygdo 17. maikor stiller opp i trappa og syng "Gud signe Noregs land" og "Herlege Stordøy" saman med 5. trinn
- 11.55 Appell ved representantar frå 7. trinn
Alle syng to vers av «Ja, vi elsker dette landet»
3 x 3 HURRA!
- 12.10 Toget går
Ruta er den vanlege forbi Samhald og over Krokane
- 12.20 Kafé i gymsalen opnar.
Sal av pølser, brus og is ute på skuleplassen
- 12.55 Toget tilbake ved skuleplassen
- 13.00 Leikar på skuleplassen
- 14.30 Arrangementet på skulen er ferdig

17. MAI-PROGRAM FOR SAGVÅG SKULE OG TJØDNALIO SKULE

- 09.50 Toget stiller opp ved Kiwi Sagvåg
- 10.00 Toget går via Nysæterstølen til Nysæter ungdomsskule
- 11.00 Toget kjem opp på baksida av skulen:
 - Appellar ved 7. trinn frå Sagvåg skule og Tjødnalio skule
 - Kåring av beste heiarop i toget
 - Sagvåg skulekorps spelar «Ja, vi elsker»
- 11.00 Kiosken opnar.
 - Leikane startar etter «Ja, vi elsker»
 - Sagvåg skulekorps spelar i hjarterommet under kiosksal og leikane.
- 12.00 Tale i hjarterommet ved Reidar Ådnanes.
Hovudkafeen held stengt under talen.
- 13.00 Arrangementet sluttar

STORD KRISTNE SKULE

08:00	Flaggheising
09:30 – 10:15	Innlevering av kaker og kaffi
10:25	Oppstilling ved Stord Kristne Skule
10:40	Barnetoget går frå Leirvik skule
11:40	Barnetoget er tilbake på SKS. Samling ved flaggstanga – Velkomst <ul style="list-style-type: none">- Vi syng «Ja vi elsker»- Appell- Vi syng «Gud signe vårt dyre fedreland»- Informasjon om aktivitetar, prisar og betaling
12:00 – 13:00	Leikar
12:00 – 14:00	Kiosk
14:00	Arrangementet sluttar



**Sunnhordland
Trafikkopplæring**



Coast Apartments

Trygg boligutleie ☎ 53 41 40 00



Grov Grasklypp



**Høgskulen
på Vestlandet**



MYHRE MASKIN



Oma Slipp & Mek. Verksted a.s



Hugs å ta med Sunnhordland-appen på 17. mai!



Sunnhordland

sunnhordland.no/lastnedapp



TRENG DU FØRARKORT?

Kontakt oss i dag!
Tlf. 48 08 88 87 - post@invia.as
www.invia.as

invia
på vei med oss



Almaas Hotell Stord

Hotellet ligg kun 500m. frå Leirvik kai

interoptik
Sele

Interoptik Sele
Amfi Stord, tlf 53 40 29 30

laastad
- en engasjert støttespiller




PowerOffice
Premium Partner

Autorisert Regnskapskontor

HEIANE BIL AS



Oma Baatbyggeri as





Hipp hipp!

Gratulera med dagen!
Helsing alle oss i Brilleriet.

brilleriet
www.brilleriet.com



Gud signe Noregs land

Arne Garborg

Gud signe Noregs land,
kvar heim, kvar dal og strand,
kvar lund og lid.

Han lat det aldri døy,
han verje bygd og øy,
Han verje mann og møy,
til æveleg tid.

Her ligg dei grav i grav,
frå hei og ned i hav,
som stridde so,
Gud sign kvar ærleg svein,
som søv der under stein,
Gud sign dei kvar og ein,
der dei er no.



Di eiga kraft



Ja vi elsker dette landet

Bjørnstjerne Bjørnson

Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet, med de tusen hjem,
elsker, elsker det å tenker på vår far og mor,
og den saganatt som senker drømmer på vår jord!

Og den saganatt som senker,
senker drømmer på vår jord.

Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet, med de tusen hjem.
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,
Også vi når det blir krevet, for dets fred slår leir.

Også vi når det blir krevet,
for dets fred, dets fred slår leir.

SKADETAKST - LAKKERING - BILGLASS

«Det lille ekstrā»



Auto
INDUSTRI DIS



Tlf: 53 41 10 69 • Fax: 53 41 40 84 • E-post: autoindu@online.no



Gud signe vårt dyre fedreland

Elias Blix

Gud signe vårt dyre fedreland
og lat det som hagen bløma.
Lat lysa din fred frå fjell til strand
og vetter for vårsol røma.
Lat folket som brøder saman bu,
som kristne det kan seg søma.

No er det i Noreg atter dag
med vårsol og song i skogen.
Um sædet enn gror på ymist lag
det brydder då etter ploget.
So signa då Gud det gode såd,
til groten ein gong er mogen.




STORD LAGERHOTELL

SEI SUNNHORDLAND
EIENDOMSINVEST

Oppstilling Borgartoget

1. Politi
2. Ordfører. Hovudtalar.
3. Flaggborg
4. Stord Musikklag
5. Leirvik Mannskor
6. Stord Idrettslag
7. Stord Formannsskap/Kommunestyre
8. Norsk Folkehjelp Sunnhordland
9. Olsen & Jensen Viseklubb
10. CISV
11. Stordkoret
12. Stord Hestesportslag
13. Stord Røde Kors
14. Stord/Rommetveit Skulekorps
15. Stord Skyttarlag
16. Idrettslaget Solid
17. Idrettslaget Trott
18. Stord Seilforening
19. Stord Undervassklubb
20. Stord Judoklubb
21. Stord Karateklubb
22. Spinae
23. Høgskulen på Vestlandet(HVL)
24. Songlaget Stordabuen
25. Stord Ungdomslag/Stord Folkedans
26. Langeland Skulekorps
27. Leirvik Bedehus
28. IUF / Stord Petanqueklubb
29. Sundagsskulen
30. Frelsesarmeen
31. Kristkyrkja
32. Internasjonal Kulturklubb
33. Vestefjeldske Revkroklag af 1803
34. Stord Motorcross klubb (v/ Energy Fitness)
35. Russen (v/Energy Fitness)



Leirvik sentrum Stord

17. mai prosesjon

